

81. årgang - nr. 2. 2025. Tryggheim skular

# Tryggheimhelsing



To HO-veteranar  
takkar for seg s. 8

Linda Eike  
tømrermester s. 12

Håndrekning  
til Sygna s. 16

# HUSLYDKVELD MED REKTORHJØRNE

**Vi har hatt huslydkveld, denne gongen med rektor i sofaen. Komiteen ville ha litt variasjon i programmet. På huslydkvelden 1. oktober kjem leiar og nestleiar på Tryggheim ungdomskule i sofaen, pluss tidlegare rektor Ketil Jensen som var med på oppstarten av ungdomskulen for 20 år sidan. Velkommen då til 20-årsmerking! Her er nokre av spørsmåla eg fekk og svara eg gav på huslydkvelden no i vår:**

Gjermund Viste // Rektor

## Kva er du takknemleg for i året som har gått?

Eg er mest takknemleg for at nokre òg i år er blitt kristne! Bl.a. ein elev som har gått tre år på usk. og no 1. klasse på vgs. Denne eleven sa det til bestemora si: «Men no har eg snart gått fire år på Tryggheim. Det er ikkje rart at eg er blitt kristen».

Vi har mykje å vere takknemlege for. Ein friskule med kristent verdigrunnlag, møteverksemd, møteveker som er blitt forlenga, bibelgrupper, krigarane, bønnemøte på tunet og på internatet. Det er mykje positiv blest om skulen, ungdomsbedrifter som gjer det kjempebra og elevsøkninga er høgare enn nokon gong. Vi er audmjuke.

Elevane melder om høg trivsel både på usk. og vgs. Det seier noko om personalet. Det kan ikkje seiast nok positivt om personalet. Dei går ei ekstra mil når dei ser det er gagnleg! Dei er her tidleg og seint, ja, òg på fritida. Dei passar på 210 ungdommar på internatet. Eg er takknemleg for personalet.

## Takknemleg for elevane

Elevane er gull! Kanskje ikkje alltid... Vi kan vere litt skeptiske når dei kjem. Men så er det mykje læring og vekst i Vg2. Og så leverer dei til gull i Vg3. Vi ser visjonen i elevane: Ein skule for LIVET - Læring, vekst og tru.

Eg er og takknemleg for at elevane på usk. og vgs. samla inn over 2,1 mill. kr til verdfulle misjonsprosjekt i fjar. Utruleg! Og ein av russekutane: «Bli Heimkjær, gje minst 10 kr/mnd til Tryggheim 2030». Jo, dei er gull!

## Nytt internat står snart ferdig. Vi snakkar om Tryggheim 2030. Kan du fortelje?

Ja, i mars 2019 kalla vi inn til første møte i prosjektkomiteen for Tryggheim 2030. Ungdomsskulen sine byggeplanar var i mål. No var det vgs. Vi ønskte at personale, elevar og alle skulle løfte blikket – korleis ønsker vi Tryggheim skal sjå ut der framme, i 2030? Vi ønskte ein langtidsplan. Det blei vellukka! Vi fekk gode innspel. Det blei til to store byggeklossar – nytt internat, som står ferdig til sommaren. Og frå neste år eit større prosjekt, nemleg riving av Austheim (bygd i 1958) og bygging av nytt undervisningsbygg over eit par år. Elles blir det ein del ombygging og oppgradering av uteområdet både på usk. og vgs. Det blir eit løft for elevane! Vi gleder oss over Tryggheim 2030, men det dekker ikkje behovet. Vi er i gong med andreopptaket, og søkeren frå Trøndelag må vi tilby skuleplass utan internatplass, for det er ikkje rom i herberget.

## Vi har mange Tryggheim-venner, og mange av dei er her i kveld. Kva vil du seie om det?

Utan Tryggheim-vennene hadde ikkje dette gått. Vi er takknemlege for over 1,4 mill. kr. i gåver i 2024, takknemlege for over 150 som er blitt Heimkjære – altså faste gjevarar og takknemlege for over 2,1 mill. kr i rentefrie lån. Det trur vi hadde betydning når vi 25. april fekk innvilga lånesøknad hos Hovudstyret i Misjonssambandet.

Vi er òg takknemlege for at dei kristne friskulanane er i vinden. Det er framleis berre ein liten del som går på friskular, men ein viktig grunn for kristne er òg blitt ein viktig grunn for ikkje-kristne, nemleg undervisning om kjønn og seksualitet. No kjem fleire ikkje-kristne elevar til våre skular, fordi foreldra føler seg utsynge i offentlege skulars tilnærming til dette, kunne vi lese i Stavanger Aftenblad 7. april. Friskular er på mange måtar eit positivt bidrag til mangfaldet i skuletilbodet.

Framfor alt er eg takknemleg for forbør. Eg minner elevane om at dei er privilegerte. Der er Tryggheim-venner der ute som ber for elevane og personalet! Og så kjenner vi Salme 127: «Dersom Herren ikkje byggjer huset, arbeider bygningsmennene til fånytte».



**Forsidebildet:** Lykke Lindø og Vilde Helliesen var blandt de mange elevene som benyttet seg av elevrådets tilbud om gratis boller en formiddag i mars.  
Foto: Henrik Foss

## Redaksjonskomité:

Anne-Berit Gomo Aanestad (redaktør)  
Henrik Foss  
Knut Handeland  
Mari Ask Helland  
Bjørg Topnes  
Stein Erik Hauge (ungdomsskolen)

## E-post Tryggheim skular:

post@tryggheim.no

Bladet koster kr 150,- pr år.

**Kontonr.:** 3000.23.29626

**VIPPS:** 104908

## Layout og trykk:

Synkron Media AS, Birkeland





# *Det sentrale ved tilhørigheten*

Elias Ulland // visepresident for Tryggheimrussen -25

Vi i russe valgte i høst å sette ordet 'Tilhørighet' som ei slags overskrift for dette skoleåret. Det var noe vi ønsket å fokusere litt ekstra på og jobbe mot. I dette lå det flere aspekter: Vi ønsket at alle i russe skulle kjenne på tilhørighet til Tryggheimrussen. At vi kunne skape et miljø og en kultur hvor alle kjente seg som en del av den store gruppa, og våre prosjekter og arrangement. Vi ønsket også at alle elever på Tryggheim skulle få kjenne på det samme i forhold til skolen vår. Og ikke minst ønsket vi at alle, både på og utenfor Tryggheim, skulle få kjenne på en dypere tilhørighet til troen vår, og til Jesus.

Grunnen til at det er nettopp tilhørighet vi ønsker å rette ekstra fokus mot, er fordi vi tror det ligger noe helt sentralt i det å høre til. Først og fremst er vi mennesker avhengige av å kjenne på tilhørighet; det er et grunnleggende behov vi er skapt med. Vi søker alle et fellesskap og det å være en del av noe, og jeg er overbevist om at den kristne troen, Tryggheim og Tryggheimrussen er gode ting å knytte seg til.

I tillegg tenkte vi at det er først når du virkelig kjenner at du hører til et sted, og blir en del av det, at du ønsker å bidra. Det er når det går fra å være "de" til å bli "oss" at du ser etter muligheter hvor det du har kan være med å bety noe for fellesskapet. Vi vet at hver enkelt har mye verdifullt å bidra med, og dette ønsket vi at skulle skinne gjennom og prege Tryggheim dette året. At alle får kjenne seg betydningsfulle og viktige.

Og poenget mitt er altså: Jeg tror dette kan overføres direkte til troen vår og det kristne fellesskapet. Også her er det først når du virkelig kjenner på tilhørighet at du føler et behov for å være med å bidra. Når din relasjon til Jesus vokser, og tilknytningen din blir sterkere, vil ønsket om å få være med å bety noe vokse frem. Du får en trang til å la andre få ta del i det samme, la andre få erfare det du har erfart og

oppleve det du opplever. Du ønsker at de rundt deg også skal få kjenne på freden, kjærligheten, tryggheten og håpet - og tilhørigheten - som bare Gud og fellesskapet med Ham kan gi.

Vi skal dele det vi har fått, la det multiplisere seg, og da tror jeg at det må starte med en dypere tilhørighet og relasjon. Ikke stress dersom du føler at du ikke får gjort eller bidratt nok, men len deg litt tilbake og fokuser på nettopp det at du får høre til den allmektige, kjærlige og trofaste Gud. Så kommer det andre etter hvert.





# BILDER FRA VÅREN



Stemningen i lunsjpausen var ekstra god onsdag 26. mars da elevrådet ved vgs. serverte kanelsnurrer fra Roxman Bakeri og Konditori AS til hele skolen. Foto: Tårn Helge Helgøy



Daglig leder Maria Aasbø i Ungt Entreprenørskap Rogaland og stortingsrepresentant Aleksander Stokkebø (H) gjestet Jonas Ekroll Tveita og de andre elevene i Bordbrødrene UB på Vg2 tømrer for å diskutere salsgrensa for ungdomsbedrifter på 140.000 kroner. Stavanger Aftenblad publiserte sak om Tryggheim-besøket i papirutgaven 3. april. Foto: Henrik Foss



Fysikkelevene i Vg2 har bygget bilbane og studerer kreftene som virker på bilene de sender rundt. Foto: Anne-Berit G. Aanestad





Avdelingsingenør i Norsk institutt for naturforskning og tidligere Tryggheim-elev, Gabriel Eggebø, inspirerte biologielevene da han besøkte gammelskolen sin fredag 4. april.  
Foto: Geir Tjeltveit



Lunsjpausene til Vg2 anleggsteknikk er ekstra hyggelige når sola skinner over graveområdet på Gausland og elevene nyter nygrillede burgere. Fra venstre: samfunnskunnskapslærer Knut Handeland, Jone Grødeland, Benjamin Vedøy og Kåre Andreas Hetland. Foto: Henrik Foss



Julie, Marte og 30 andre elever på Vg1 helse- og oppvekstfag deltok på friluftsdag med 300 voksne med utviklingshemming på Vitengarden på Nærbo fredag 25. april. Foto: Aud Oddrun A. Lende



Rektor Gjermund Viste introduserte lærer på Bibelskolen i Grimstad og russepresident på Tryggheim i 2014, Martin Augestad, som holdt andakt om Jesu død og oppstandelse på påskesamlinga for elevene på vgs. fredag 11. april. Foto: Henrik Foss



Etter påskesamlinga 11. april serverte Bente S. Kalheim og andre lærere boller og kakao til elevene før de fikk ferie. Foto: Henrik Foss



To dager før påskeferien gikk skolesekretær Kirsten S. Lid og miljørbeider Karina Eikeland rundt med skillingsboller til alle på arbeidsrommene. Her er det realfaglærerne Ida Maria og Erik som får en velfortjent «bollepause». Foto: Anne-Berit G. Aanestad

## BÅL- OG BADETUR TIL MELSVATNET

Foto: Geir Tjeltveit

2. april arrangerte tur- og frilufsgruppen 'Bål- og badetur' til Melsvatnet. De tøffeste tok en frisk dukkert i vannet – som holdt godt under 10 °C.



## MISJONSLØPET 2025

Foto: Geir Tjeltveit og Anne-Berit G. Aanestad.

I slutten av april var det igjen klart for misjonsløp på Tryggheim vgs., der elever og personale sprang, eller i alle fall beveget seg, i opptil halvannen time til inntekt for årets misjonsprosjekt. Noen sprang, noen gikk og noen ble kjørt rundt i doninger på hjul av ymse slag. Mye ulik bekledning var det i år også, ikke alt like egnet til å komme seg fortest mulig frem i, men kanskje desto kjekkere å se på for heiagjengene rundt omkring. Den som sprang aller flest runder i år var gymlærer Nils Vidar Henriksen, som slo raskeste elev, Ole Gabriel Kverneland (1STA), med to runder. Innsamlet sum slo alle tidligere rekorder: 1 million kroner til Indonesia!





# Invitasjon til elevstemnet laurdag 21. juni 2025

Programmet med omvising, samling, festmiddag og gruppесamlingar startar ca. kl. 11.30 og varer utover til kvelden.

Frå folkehøgskuletida:

- **70-årsjubilantar**, dei som gjekk på Tryggheim 1954-55
- **60-årsjubilantar**, dei som gjekk på Tryggheim 1964-65
- **50-årsjubilantar**, dei som gjekk på Tryggheim 1974-75

Desse har fått skriftleg innbyding så langt me har klart å finne adresser.

Frå vidaregåande:

- **40-årsjubilantar:** Her inviterer vi dei som avslutta grunnkurs eller VK1 på Tryggheim våren 1985. (Da mange sluttet etter grunnkurs og berre nokre fortsette på VK1 på den tida, kan de velje å kome det året de vil. Det var ingen VK2 («Vg3») dette året.)
- **30-årsjubilantar:** Dei som avslutta Vg3 i 1995 eller gjekk saman med desse i to år og sluttet i 1994
- **20-årsjubilantar:** Dei som avslutta Vg3 i 2005 eller gjekk saman med desse i to år og sluttet i 2004
- **10-årsjubilantar:** Dei som avslutta Vg3 i 2015 eller gjekk saman med desse i to år og sluttet i 2014

Vi håpar å sjå deg på Tryggheim denne dagen. Elevstemnet er gratis, men det vert høve til å gje ei gåve til skulen.

Vi kan dessverre ikkje tilby overnatting på Tryggheim.

Påmeldingslink



Helsing elevstemnekomiteen

# To HO-veteranar takkar for seg

Veninnene Linn Sæla Taksdal og Britt Kristin (Britti) Opstad Frantzen har arbeidd på Tryggheim sidan høvesvis 1995 og 2003. Linn arbeider med andreklassingane på barne- og ungdomsarbeidarlinja, og Britti arbeider med fyrsteklassingane på helse- og oppvekstavdelinga (HO) og andreklassingane på helsefagarbeidarlinja. No går dei med skrekkblanda fryd dei siste vekene mot pensjonisttilværet. Tryggheimhelsing har difor teke kontakt for å høyra litt om tida på Tryggheim og tankane dei røynde lærarane har om tida som har vore og som kjem.

Tekst: Henrik Sjøveland

Foto: Henrik Sjøveland og privat

*Kva gjorde de før de starta som lærarar, og når fann de ut at de ville verta lærarar?*

Britti: «Ja, å verta lærar var planen min heilt frå ungdomsskulen av. Eg har alltid likt å laga mat og det å ordna og administrera, og ikkje minst det relasjonelle med elevane. Men eg gjekk først på institusjonskokk-linje og reiste difor til Bærum som 17-åring. Eg arbeidde faktisk som hjelpekokke på Tryggheim allereie i 1980-1981. Etter det tok eg husstellærarskulen. Eg starta som lærar i 1984. Etter fleire forskjellige lærarjobbar fekk eg tilbod om arbeid på Tryggheim før årtusenskiftet, men eg måtte først venta nokre år til stillinga vart ledig i 2003.»

Linn seier seg einig i det kjekke både med det å administrera og organisera undervisning i tillegg til det relasjonelle, men hadde ikkje ein like klar plan om kva ho skulle verta. Etter fullført gymnas på Bryne hadde ho ein tanke om at ho kunne søkja seg inn på lærarskulen i Bergen, men enda heller med å gå på forskulelærarutdanning. Der fekk ho god røysle med å arbeida med born, og fekk òg hatt sine eigne born i barnehagen. Etter ein del år i barnehage kom det ein telefon frå Tryggheim med spørsmål om ho kunne tenkja seg å ta eit vikariat på det som då



Linn (t.v.) og Britti er snart klare for pensjonistlivet.

heitte Vkt barnepleielinja. Her har ho fått stor glede av å få formidla dette praktiske, det yrkesfaglege og variasjonen som er i barne- og ungdomsarbeidarfaget. Og her vart ho verande i 30 år.

*De kjende kvarandre frå før av?*

Linn: «Ja, me vaks opp i nærleiken av kvarandre. Men det var først då eg gjekk i sjette og Britti i sjuande klasse at me vart veninner. Britti

måtte nemleg gå via meg for å få kontakt med ein gut ho var interessert i». Med eit godt smil og ein 'high-five' skyt Britti inn at guten forsvann, men ikkje Linn!

*Er det eitt minne de vil trekkja fram frå tida dykker på Tryggheim?*

På dette spørsmålet trekkjer begge fram dei gode kvardagane som det sentrale. Linn lyfter likevel fram personalturen til Israel i 2014 som

ei fantastisk oppleveling, med ein dyktig guide, kjekke samtalar med kollegaane i bussen og det å få eit nærrare kjennskap til historia til jødane. Britti legg til alle dei seinare turane ho har fått vore med på som reiseleiar med elevar: «Tenk å få gå nedover mot Gennesaretsjøen og samtala med elevane!»

#### *Kva har motivert dykk til å stå i tenesta?*

Britti: «Det at me har ein felles grunnmur på Tryggheim, med felles tru og verdiar, og at me får formidla dette til elevane. I tillegg gjev det stor motivasjon med elevar som gleder seg til neste time og spør kva me skal gjera då. Dei kjekke kollegaane har òg vore viktige for motivasjonen.»

Linn: «Når folk spør kor eg arbeider, hender det at eg svarar at eg arbeider i forgarden til himmelen. Slik er det me har det i tredje etasje i HO-avdelinga. Kvardagen er prega av smil og glede og kollegaar som alltid stiller opp for kvarandre.»

Linn trekkjer òg fram moglegheita til å formidla gode verdiar til elevane. Til elevar som kanskje er usikre på seg sjølv, formidlar ho at dei får lov til å vera seg sjølv, og får etter kvart sjå at dei blomstrar.

Slik dei har ynskt å formidla verdien av å vera raus til elevane, er dei òg takksame for at Tryggheim og leiinga har vore raus med dei. Dei trekkjer særleg fram avdelingsleiaren gjennom mange år, Sigve Reilstad. Det har vorte heia på initiativ til arrangement og turar, yrkesmesser og middagar. Det har òg vorte gjeve rom for gå i gravferder ein kjenner ein skulle gått i, og til å få reisa på turar med familie.

#### *Kva skal de finna på no når de vert pensjonistar?*

Britti: «Då skal me sitja på bryggekanten hjå Linn – særleg den dagen i august me skulle ha starta på jobb.» Linn har nemleg nettopp kjøpt seg ein båt med 150 hestekrefter, så den skal ho bruka sommaren på å læra å meistra skikkeleg, så ho er klar til å plukka opp Britti og køyra dei til det nykjøpte huset på Vassøy. Elles gleder Britti seg til å sjå meir til både vener, familie og folk elles i kvardagen, og få meir tid til dei rundt seg. Ho ser òg fram til bibelkurs både i Noreg og i Spania.

Linn gleder seg til å opna døra for alle dei gilde turistane ho treffer utanfor dørene i gamle Stavanger der ho bur, i tillegg til dette med tid til vener og familie. Og ho har planar om å gå langsamare.

Avslutningsvis vil Britti takka alle elevane ho har fått hatt, for motivasjon, glede, utfordringar og energi, noko Linn seier seg heilt einig i. Britti trekkjer fram bibelverset ho går forbi på vegen opp til kontoret: «Tak vare på hjarta framfor alt som du vaktar; for livet gjeng ut frå det.» Ho vil formidla til elevane sine kor viktig det er å stå for det som er sant og rett. Linn vil få formidla til elevane at dei skal få vera seg sjølv, men at dei ikkje må vera seg sjølv nok.



To gode venninner og kollegaer på tur i Firenze.



Strandpromenade ved elva Arno i Firenze.



# ÅTTANDEKLASSINGAR TIL INDONESIA

I samband med misjonsprosjektet til ungdomsskulen har åttandeklassingane Marit Jakobsen Nord-Varhaug og Johanne Harbo vitja Indonesia. Dei hadde med seg Arne Kristian Helgøy og Hanne Friborg Heng frå personalet, og reiste saman med grupper på tilsvarande storleik frå Drottningborg ungdomsskule i Grimstad og Danielsen ungdomsskule i Bergen. Turen varte i ni dagar, kor to gjekk med til reis. Jentene fortel om spanande opplevelingar og verdfulle minne.

Tekst: Stein Erik Hauge

Bilete: Hanne Friborg Heng

Reisefølget budde på eit gjestehus i Medan under heile opphaldet. Her var det fine tilhøve. Noko annleis vart natta dei hadde på hotell i jungelen. Utanfor kunne ein nemleg sjå apekattar, og det av den rampete sorten. Desse var kjende for både å rota og stela, og når ein frå badet plutselig kunne få auge på ein av desse, var det fort gjort å få seg ein støkk. Jentene tok ikkje skrekken av dette, men litt nifsare var det då det låg ein giftig slange i veggkanten. Eksotiske dyr vart det endå meir av på jungeltur! Her fekk ein sjå øgler, apekattar og kameleonar, men det mest imponerande er gjerne ein observasjon av tre orangutangar. Nye møte med faunaen fekk ein på gatemarknaden då det nærma seg middagstider. Orangutangane hadde heldigvis fått vera i fred, men her fanst likevel mykje som hadde skilt seg godt ut i fryseboksen til farmor. Frityrsteikt frosk og øgle var det greiaste, medan steikt slange gjekk ned. Kokt slange var derimot ikkje noko å skryta av, men sjølv dette var langt betre enn sniglar og durianfrukt. Elles vart det ete mest kylling, og når ein får høyra at ei brus gjekk for 5000 rupiah (3 kr), er det rosverdig at ingen trong kjøpa gebiss.

Dagane gjekk for det meste med til å vitja ulike kristne og humanitære arbeid. Gruppa var tidgjengd hjå utsendingane åt Misjonssambandet, kor det



vart halde kveldssamlingar med song og andakt. Dei vitja tiltak for mental og kroppsleg helse, og eit «shelter» kor ein tek seg av og underviser barn som lever i slumliknande kår. Jentene fekk ikkje vera med på besøk i gutefengsel, men fekk likevel høyra om arbeid for å få gutane ut av kriminelle miljø. Eit høgdepunkt var å få vera med på futsaltrening (ein type innandørsfotball, red. mrk.) for jenter, gjennom det kristne prosjektet «She-moves». Her vart heile laget invitert på middag hjå nokre av deltakarane. Johanne og Marit var imponerte av gjestmildskapen dei vart møtte med, både her og elles på turen.

Sjølv etter rafting i jungelen og gjesting på palasset til sultanen, trekker jentene fram det sosiale som det største høgdepunktet. Dei tre gruppene som reiste saman, rakk å verta gode vener, og det å ha vasskrig medan ein raftar rundt apekattar og øgler høyrest jo ikkje akkurat keisamt ut. Ein annan type høgdepunkt var høvet til å gå med shorts på jungelturen. Til vanleg måtte ein nemleg dekka til aksler og kne om det var aldri så varmt,



og då rundturen i byen gjekk innom ein moske, måtte jentene på med skaut. No som dei er komne heim att, treng dei korkje skaut eller kortbukse, men eit godt tak for å lesa inn att det dei har gått glipp av på skulen.

# 10. KLASSE PÅ TONSTADLI

**Den 12. mars stod elevane frå 10. klasse på Tryggheim ungdomsskule klare med ski og bagasje for å reise til Tonstadli. Bussane kom, og det var ein fin busstur med god stemning og musikk heilt fram til Sinnes. Der skulle me stoppe for å ta på oss turski og vere med i arrangerte leikar. Me spelte fotball og hadde slangetikken med ski på. Nokre hadde til og med på seg ski for første gong. Det var både fått når folk datt og jubel når folk skaut ballen i mål.**

Tekst: Amalie Schwenk, 10C

Bilete: Bjørg Vistvik Stokkeland

Seinare var det grilling og frileik. Det blei arrangert fleire leikar, men ein kunne også sitje, prate og nyte det fine veret. Det var fleire som gjekk ei skiløype, og i den kunne ein gå langt. Nokre gjekk omkring ei mil på ski der dei møtte bratte bakkars både oppover og nedover. Ein kunne kjenne på ekte meistring når ein til slutt kom til grillplassen igjen.

Deretter pakka me saman og tok bussen vidare til Tonstadli, ein leirstad med mykje fin natur. Me sto i lange rekker for å få bagasjen og få vete romma våre. Så var det på tide med ein etterlengta middag! Me fekk servert god taco. Personellet på Tonstadli instruerte og var svært glade for å ha oss der. Seinare på kvelden var det fritid. Nokre elevar samla seg for å ha ei bibelgruppe som dei hadde starta på ungdomsskulen. Me sat ein liten gjeng i sofaer, las saman i Bibelen og stilte spørsmål. Det blei også delt ut fine gripekors til alle som kom forbi.



Neste dag måtte me vakne klokka 07:00 sidan turen skulle gå til Ålsheia for å køyre slalåm, eller til Sinnes for å gå langrenn. Dei fleste reiste til Ålsheia. Der kunne ein gå i kiosken, nokre spelte kort inne og andre sat ute i sola. Mange gjekk straks til skiheisen. Ein del hadde ikkje bruka slalåmski før, og kunne starte roleg og fint i barnebakken.

Mange elevar suste ned slalåmbakken, og det blei også utført nokre hopp. Nokre lærarar deltok med ski på beina, mens andre naut sola i ein fjellskrent ved sida. Etterkvart kom også dei som hadde gått langrenn, og klokka 16:00 var det på tide å ta turen tilbake til leirplassen.

Me fekk god kjøtmat til middag. Seinare var det samling i møtesalen der Arne Kristian heldt andakt om frelsesvisse. Det blei også arrangert underhaldning og konkurransar. Mattelærar Herman underheldt med eit lottospel, der ein elev blei teken fram og skulle rekne på sannsyn. Her gjaldt det å ha fylgt godt med i mattetimen. Nokre elevar arrangerte også ein leik der

to lag skulle springe ut og inn med forskjellige klede, og til slutt ende opp med sine opphavlege klede igjen. Det var altså god fått då deltakarane kom inn med alt frå kjolar til hattar.

Lærarane arrangerte ulike konkurransar der det mellom anna var teikning, evne til å treffre og evne til å seie flest moglege ord utan bokstaven «e». Etter underhaldninga kunne ein forsyne seg med is og kake, gå fritt rundt og snakke saman. Dette var siste leirskulen vår på Tryggheim ungdomsskule, difor prøvde dei fleste å sneke seg ut når det eigentleg var leggetid. Mange blei tekne, men alt i alt var det ein hyggeleg kveld med god stemning.

Neste morgen var det frukost, rydding av romma, takke for seg og reise heim. På Tonstadli kunne ein oppleve mykje spennande kvar dag. Lærarane og dei tilsette passa godt på oss og samhaldet blant elevane var godt. Dette var ein minnerik tur, som dei fleste nok kjem til å hugse vidare.



# LINDA ER BEST I FYLKET!



Linda Eike er best i fylket!

Tekst: Mari Ask Helland

Foto: Endre Urstad

Torsdag 10. april vart det på Gand vgs arrangert fylkesmeisterskap i tømrarfaget for vidaregåande elevar. Blant dei åtte deltararane var det tryggheimeleven Linda Eike, einaste jente blant deltararane, som stakk av med sigeren!

#### Korleis var konkurransen?

«Eg synest det var kjekt! Me hadde jo først ein konkurranse her på skulen, og det var litt trygt, for då me kom inn til Gand, var det jo same oppgåva me skulle gjera på nytt. Så det var veldig herleg! Det var ikkje førstemann ferdig, så eg brukte god tid og prøvde å ikkje stressa.»

#### Kva skal du til neste skuleår?

«Eg trur det blir påbygg for å ha eit år til på Tryggheim. Eg trives veldig godt, utan tvil! Veldig godt miljø og veldig gode lærarar som bryr seg og vil at me skal ha det bra. Det er jo difor eg tek påbygg, for å ha eit år til her. Etterpå skal eg i lære. Eg vil jo bli tømrar, og så byggingeniør på sikt.»

#### Kva var det som fekk deg til å velja tømrarfaget?

«Far har jobba som tømrar og byggingeniør. Han har hatt mange prosjekt heime, så då har eg fått vore med han. Då me var små, laga me leikehytte, og eg laga terrasse og små hagemøblar. Eg bestemte meg vel for å bli tømrar i slutten av barneskulen.»

I tillegg til tre elevar frå Tryggheim vgs. deltok fem andre elevar frå Gand og Bryne vgs.



«Det var ikkje førstemann ferdig, så eg brukte god tid og prøvde å ikkje stressa.»



# STERKE HISTORIER OM SMERTE OG HÅP

300 frammøtte lytta til gripande historier då Tryggheim opna dørene for publikum onsdag 9. april.

Tekst og foto: Henrik Foss

Tryggheim er inne i sitt tredje år med å arrangere «Huslydkveld». Kvar haust og kvar vår inviterer skulen publikum til ein kveld i møtesalen med oppbyggeleg innhald. Overskrifta var «Jesus, en smertens mann – vårt håp» under huslydkvelden onsdag 9. april.

Gjennom ein sofaamtale med mora, fostermora og forfattaren Elisabeth Fosse fekk publikum høyre om då søstera, svogeran og niesa hennar døydde i ei trafikkulykke i 2005. Etter ulykka blei Fosse fostermor til ein nevø og ei niese som overlevde. I sofaamtalen fortalte ho ope og ærleg om åra etter ulykka.

Alle dei tre gjestane som besøkte huslydkvelden, Fosse, presten Vidar Mæland Bakke og songaren Sunniva Muren Bjuland, formidla håp i Kristus.

## Ny huslydkveld til hausten

Tryggheim inviterer til ny huslydkveld onsdag 1. oktober klokka 19.00. På programmet står mellom anna tale av leiar Ketil Jensen for Misjonssambandet Norge. Jensen var rektor då Tryggheim starta ungdomsskule for 20 år sidan. På huslydkvelden til hausten blir det i tillegg loddosal og trekking av hovudlotteri.



Mor, fostermor og forfattar Elisabeth Fosse blei intervjuat av lærar Aud Jorunn Ege Espeland då Tryggheim opna dørene for publikum onsdag 9. april.



Prest Vidar Mæland Bakke talte med utgangspunkt i overskrifta «Jesus, en smertens mann – vårt håp».



Ungdomsbedrifta Kveikheim på tilrettelagt avdeling selde påskevarer.



Tidlegare Tryggheim-elev Sunniva Muren Bjuland framførte vakker song.



Gjermund Viste delte frå skulekvardagen i samtale med studieleiar Anne Lise H. Flatebø i programposten «rektors hjørne».



# GULLGUTAR I NM

**Vinnar av fylkesmeisterskapen for ungdomsbedrifter i Rogaland 2025, AgriEvolution frå Vg2 elenergi og ekom, og Vg2 tømrar-bedrifa Bordbrødrene drog til NM med edle metall i kikkerten.**

Tekst: Knut Handeland

Foto: Henrik Foss

Av 14.200 elevar frå heile landet hadde 324 kvalifisert seg til NM. Dei to Tryggheim-bedriftene konkurrerte såleis mot dei 64 beste ungdomsbedriftene frå heile landet, og tok heim imponerande to gull. Berre sju andre bedrifter opplevde å stå øvst på pallen.

Frå arbeid som avløysarar har dei fire elevane i AgriEvolution støytt på problemet med ureine drikkekar og all tida som går med til å reinse desse manuelt. Reint vatn og nok vatn er kritisk for dyrehelse og mjølkeproduksjon, difor har dei utvikla eit drikkekar som overvaker vannkvaliteten med sensorteknologi, held vanntemperaturen optimal og automatisk tømmer og reinsar karet ved behov. Ideen, prototypen og dei overtydande intervjuva overtydde juryen for Beste yrkesfaglege bedrift om at AgriEvolution er verdig gull og noregsmeistertittelen i denne konkurransen.

Mottakinga har gjort Agri Evolution motivert for å realisere produktideen sin slik at det kan bli eit tilgjengeleg og føretrekt produkt i marknaden for automatisering og innandørsmekanisering i fjøs, og dei er nå i ein undersøkande fase for å finne ein god veg vidare mot serieproduksjon.

Bordbrødrene, som for lengst har nådd omsetningsgrensa på kr. 140.000 med produksjon og sal

av eigne bord i kryssfiner med vinyl og linoleumdekke, vann gull i NM som beste salsbedrift. Dei viste seg tittelen verdige ved å selje to bord til tilfeldige kundar på Gardermoen på veg heim.

For tre av Bordbrødrene er dette meir enn ein bordleik, så ved sida av lærlingpraksisen skal dei drive businessen vidare i ny selskapsform i lokale i Øksnevad næringspark. Her har dei nyleg investert kr. 30.000 i maskinar som kan effektivisere drifta.

Dagen før NM fekk AgriEvolution omvising på Stortinget, som tradisjonen er for fylkesvinnarar

frå Rogaland. Dei fekk presentere bedrifa, ta imot tilbakemeldingar og ete lunsj med fem politikarar frå Rogalandsbenken, til begeistring for alle partar.

Tryggheim ser stort på å ha elevar som både evnar å skape verdiar og å synleggjere skulen på ein positiv måte. Skulle det bli varige arbeidsplassar ut av ungdomsbedriftene på sikt, er det ein vakker syntese av god friskuledrift, ungt pågangsmot og haugiansk ånd.



Dagen før NM for ungdomsbedrifter starta lada AgriEvolution UB opp til meisterskapen med å presentere bedrifa for rogalandspolitikarar på Stortinget. Frå venstre: Aleksander Stokkebø (H), Lisa Marie Ness Klungland (Sp), Geir Pollestad (Sp), Runar Varhaug, Margret Hagerup (H), Torstein Tvedt Solberg (Ap), Benjamin Vigrestad, Markus Ravnås og André Aukan Ege.



Dagleg leiar Markus Ravnås i AgriEvolution UB i munter samtale med journalistar og politikarar på Stortinget dagen før ungdomsbedrifta frå Tryggheim deltok i NM.



AgriEvolution UB frå elektroavdelinga på Tryggheim blei kåra til den beste yrkesfaglege i landet då NM for ungdomsbedrifter blei arrangert av Ungt Entreprenørskap i Nova Spektrum i Lillestrøm fredag 25. april. Frå venstre: André Aukan Ege, Runar Varhaug, Markus Ravnås og Benjamin Vigrestad.



Bordbrødrene UB frå bygg- og anleggsavdelinga på Tryggheim blei kåra til den beste salsbedrifa på NM-scenen for ungdomsbedrifter i Lillestrøm. Frå venstre: jurymedlem Rikke Lindahl, Simen Urstad, Tobias Lunde, Torger Lauvvik, Daniel Askvik og Jonas Ekroll Tveita.

## Tryggheimkalender

### JUNI

Fre. 13.: Avslutningsfest for Vg2 og 3  
Lør. 21.: Elevstevne, start kl. 11.30

### AUGUST


Lør. 16. Skolestart Vg1  
Man. 18. Skolestart Vg2 og Vg3

### SEPTEMBER

18.-25.: Vg2-tur til Roma, Brussel/Paris og Barcelona

### OKTOBER

Man. 6.-fre. 10.: Høstferie



Lærer Bjørn Anders Bøe giftet seg med Kristine Næss i Jørpeland kirke 26. april

## Vissste du at...

Åsne Skårland (ST 19-22) og Kristian Stensland (BA 18-20) giftet seg 12. april

Bjørn Anders Bøe (Lærer vgs. 2013 – d.d.) og Kristine Næss giftet seg 26. april.

Eivind Klakegg Egeland (ST 11-14) og Linda Nord-Varhaug giftet seg 2. mai

Vi gratulerer, og ber dere fortsette å tipse oss om folk som bør være med på denne listen. Send e-post til [aaanestad@tryggheim.no](mailto:aaanestad@tryggheim.no), eller ring eller skriv til skolen (husk årstall og gjerne klasse!)



Magnus V. Svendsen, Sondre Klippen og Torger Lauvlik



Ådne Undheim Vestly

## BYGGFAGOPPDRAg PÅ SYGNA VGS

Tolv elevar frå byggfag fekk bruk av fagkunnskapen sin då dei før påske arbeidde ei veke på Sygna vgs. i Balestrand. Søsterskulen til Tryggheim hadde behov for hjelp til oppussing av det dei kallar OL-bygget, som består av brakker etter OL på Lillehammer i 1994. Elevar frå både 1BY og 2TØ hjelpte til med riving, utföring, isolering, gipsing, skifte av alle vindauge og meir til. Både Sygna-rektor og Tryggheim-rektor stilte seg positive då tømrarlærar Bjørnar Gudmestad saman med Sygna-lærar og kamerat Roar Eriksen lufta for dei ideen om ei handsrekking.

I etterkant rosar Bjørnar driftsleiar Vidar Heier med fleire på Sygna som hadde lagt alt svært godt til rette for dei. I tillegg melder han om strålende humør og god innsats frå alle som var med nordover til Sogn.



Lærar Bjørnar og tolv  
byggfagelevar klare til avreise.



Solosuperpause for Magnus V.  
Svendsen og Sondre Klippen.



Sygnalærar John Martin Høines i god  
drøs med Johannes Indrebø og Magnus V.  
Svendsen.



Utsikten



Thomas Gard





Vg2 elektro-gjengen reiste på messe i Hannover.



På menyen stod pizza. Fra venstre Tobias Berg, Benjamin Vigrestad, Markus Ravnås, Theo Sirevaag Silas M. Rasmussen og Runar Varhaug..

## TYSKLANDSTUR FOR VG2 ELENERGI OG EKOM

Tekst og foto: Siv Klakegg Egeland

I slutten av mars reiste Vg2 Elenergi og Ekom på båt- og busstur til Tyskland for å få innblikk i ny teknologi på Hannover-messa, Mercedes-fabrikken i Bremen og EADS Spacesenter i Bremen. Vi rakk også en rask tur innom Autostadt i Wolfsburg, som er et VW-museum med gamle og nyere biler.

Vi fikk sett en imponerende robotstyrt produksjonslinje på Mercedes-fabrikken, der de kan produsere ti forskjellige varianter av biler på samme linje hver dag, og hver bil kan ha helt unike variasjoner i interiør, lakk, lyssetting, speil osv. De leverer 1.600 biler ut på markedet hver eneste dag, så her er det logistikk på et vanvittig høyt nivå.

På EADS-senteret fikk vi se på teknologien bak romforskning. Vi fikk innblikk i hvordan en holder kontakt med romstasjonene og hvordan astronautene lever og bor i verdensrommet. Vi fikk gå om bord på en modell av en romstasjon, og vi fikk sett produksjonslokalene bak glassvegger, for at ikke noe støv skulle komme inn. De vasker tre



Hele gjengen på besøk hos Airbus.

ganger om dagen, og det ser nesten ut som en operasjonsstue.

Aerospace Bremen produserer også fly, så en gruppe fikk se produksjonslokalet for vinger, der hver vinge får påmontert åtte tonn med utstyr.

På Hannover-messa er det nitten haller med ulike utstillere med mye elektrisk utstyr, robotikk, prosess, automasjon og sensorteknologi, modeller av smarte byer, IOT-styringer osv.

Det var en utrolig kjekk gjeng å reise på tur med. Vi sitter igjen med gode minner fra byvandringer i gamlebyen i Bremen, god mat i Schnoor og på restaurant langs elven Weser, sjumannsrom med hems og do og dusj på gangen, god frokost, fantastisk vårvær, båttur i solnedgang, lange bussturer med musikkquiz og ønskekonsert, soving, kortspill og gode samtaler. Kort sagt: Minner for livet!

# ENGELSK-ELEVER PÅ USA-TUR



Etter nesten to år med grundig fordypning i engelsk programfag var det endelig tid for å se noe av det vi har lært om i «real life». Vi startet vår reise i Washington, D.C., hvor landets politiske hovedsete befinner seg. Dette ble en utmerket begynnelse på turen.

Tekst og foto: Kirsten Marie Oma og Solfrid Muren


Vi hadde privilegiet av å bli ledsgjet av en svært kompetent guide, Bernie Beall, som førte oss gjennom en fascinerende omvisning av The Capitol, Museum of the Bible, samt en historisk gjennomgang av The Mall. Gjennom omvisningene klarte han å binde sammen kristendommens innflytelse på amerikansk politikk og historie, noe som var både svært spennende og lærerikt. Et av høydepunktene var da vi fikk muligheten til å besøke toppen av Washington Monument som ruver nesten 170 meter over bakken. Her gjaldt det å ikke ha høydeskrekk.



Etter noen berikende dager i Washington, D.C., tok vi bussen videre til Manhattan i New York. Her avsluttet vi med fire innholdsrike dager, der vi fikk oppleve Ground Zero Memorial, Statue of Liberty og Ellis Island. Vi besøkte også FNs hovedkvarter, som ga oss verdifulle innblikk i internasjonal politikk. I tillegg til de kulturelle opplevelsene, fikk vi tid til shopping og å oppleve teaterforestillinger, noe som var en ekstra glede for flere av oss.

Tusen takk for turen!




I april reiste de elevene i 3ST som har engelsk som programfag til Washington, D.C. og New York sammen med to lærere, Kirsten Marie og Solfrid.





Returadresse:  
Tryggheimhelsing  
Tryggheimveien 13  
4365 Nærbø



**God sommar frå elevar  
og tilsette ved Tryggheim!**